


Utviklingsplan 2022-2023

Bryne ungdomsskule



Me vil gi elevane våre lyst på livet
og evne til å mestra det



Innhald

Innleiing	3
Overordna mål.....	3
Sektormål for grunnopplæringa	3
Overordna del av læreplanen	4
Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.	4
Kommunale strategiar, planar.....	4
Utviklingsområde 2021-2022	4
Vurdering av utviklingsområda	5
Utviklingsområde 2022-2023	5
Utviklingsmål og tiltak 2022-... ..	6

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda knytt til læringsmiljø og læringsresultat sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Kommunale strategiar, planar

I «Strategiplan for oppvekst 2016-2022» er det fem sentrale satsingsområde som definerer retning mot felles mål. I utviklingsarbeidet vårt dette året har me hatt fokus på satsingsområde Tidleg innsats og Oppvekst i informasjonssamfunnet på vår skule.

Visjonen vår “Me vil gi elevane våre lyst på livet og evne til å mestra det” fortel det meste. Me vil rusta elevane slik at dei har fagleg- og sosial kompetanse til å koma seg vidare på vidaregåande skule mot fagbrev og høgare utdanning slik at dei kan få ein jobb og eit godt liv.

«Laget rundt læraren og eleven»


I laget har jobba mest med elevane si psykososiale helse. Me evaluert arbeidet vårt gjennom 4 år nå og sette at dei fleste tiltaka har gått ut. Den nye canvasen, som me lagar for dette arbeidet har same målsetjing som utviklingsplanen vår. Hovudmålet er å redusera drop-out i vidaregåande opplæring.

Utviklingsområde 2021-2022

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2021-2022:

Dei overordna måla våre for 22-23 blir dei same som for 20-21. Me veit at for å innarbeida rutinar, system og endringar, må me ha fokus over lengre tid enn eitt år om gongen.

Læringsmiljø-



Me veit at elevane våre oppgir at dei ikkje har nok medverknad på eiga læring, at dei ikkje får dei faglege utfordringane dei treng og at me alltid må jobba med motivasjon og meistring. Dette har med tryggleik og fagleg og sosial inkludering å gjera.

Læringsresultat-

Overordna mål for dei neste tre åra: Andelen lågtpresterande elevar i lesing på 9. trinn skal vera på under 15 %, og andelen høgtpresterande på over 47%.

Me har fleire delmål, både faglege og sosiale som me vil jobba mot for å nå det overordna målet

I løpet av året er det gjennomført skulebasert vurdering for å sjå på i kva grad mål og tiltak har ført til utvikling på områda. Dette er del av kunnskapsgrunnlaget som me har for å vurdere kva me skal jobba vidare med å utvikla eller kva me nå kan leggja til drift.

- Resultat på nasjonale prøvar
- Eksamensresultat og grunnskulepoeng
- Terminresultat for alle trinn
- Resultat på Olweusunderøkinga
- Resultat frå Elev- og foreldreundersøkinga
- Elevsamtalar og utviklingssamtalar
- Innspel frå elevrådet
- Innspel frå Fau og SU

Vurdering av utviklingsområda

Analyse av data og prosessar i personalet, med elevane og føresette syner at me er gode på fagleg utvikling og inkludering og at me må utvikla oss på medvirking og motivasjon hos elevane. Dette har medført til følgjande utviklingsområde knytt til læringsresultat og læringsmiljø ved vår skule:

Utviklingsområde 2022-2023

Følgjande skal vera utviklingsområde i 2022-23:

Læringsmiljø-

Me skal skåra på 4-talet (1-5) på indeksane mestring og elevmedvirking på elevundersøkinga.

Læringsresultat-

Andelen lågtpresterande elevar i lesing på 9. trinn skal vera på under 15 %, og andelen høgtpresterande på over 47%

Utviklingsmål og tiltak 2022-2024

Grønne kolonnar: Måla skal koma til uttrykk i kva elevane skal oppnå

Kvite kolonnar: Tiltak skal omhandla kva skulen og lærarane skal gjera for at elevane skal nå måla

Mål for læringsmiljø og læringsresultat som er SMART- spesifikke, målbare, oppnåelege, relevante og tidsavgrensa

Effekt mål- gevinst	Resultat mål- kva skal me oppnå?	Delmål- Konkrete mål på vegen som skal nås kvart skuleår.	Tiltak (kva skal lærarane gjera for å nå måla)	Stoppunkt
Andelen lågt- presterande elevar skal vera på under 15 % og andelen høgt- presterande	Elevane skal ha ein auke på minimum 4 skalapoeng på NP på 9. trinn.	Eleven har gode lesestrategiar for å lesa alle typar tekstar i alle fag.	Jobba systematisk med lesestrategiar, plan for gjennomgang på trinna. Fokus på fagmøter i alle fag kvar mnd, tema i ei fellestida kvart semester. Lærar modellerer lærings- og lesestrategiar. Lærar legg opp til bruk av ulike typar tekstar i undervisninga. Alle klassane les i klasserommet kvar veke (skjønnlitteratur etter eiga interesse)	Nasjonal prøve i september. Utviklingssamtale i okt/nov

skal vera på over 47 % i lesing på 9. trinn.	Eleven opplever mestring i fag. Me skal ligga på 4 talet på elevundersøkinga på indeksen mestring.	Eleven kan anvenda kunnskapen sin i ulike situasjonar	Systematisk begrepstrening i alle fag. Laga begrepsbankar i alle faga. Lærar tilpassar tekstar i nivå. Lærar bruker dagsaktuelle og relevante tema og tekstar i opplæringa. Lærar lagar rike og vide oppgåver som kan løysast på ulike nivå og måtar.	Elevundersøkinga (november) nasjonal prøve 9 (oktober) Elevsamtalar (november)
	Eleven medverkar i eiga læring. Me skal ligga på 4-talet på elevundersøkinga på indeksen medverking og vurdering.	Eleven opplever medvirking og aktivitet i alle fag.	Lærar legg til rette for samarbeidslæring og metodar i kritisk tenking i undervisninga (CL). Lærar legg opp til at eleven får vera med og bestemma arbeidsmåtar og produkt. Eleven er med og utarbeider vurderingskriterier ut frå kompetansemåla. Lærar bevisstgjer og snakkar med elevane om kva medvirkning er. Lærar og elevar diskuterer og tolkar kompetansemåla før nytt tema.	Elevundersøking, elevsamtalar



			Lærer legg opp til at eleven får evaluera seg sjølv og andre. Two stars and a wish.	
--	--	--	--	--

